

NR. 1

JANUAR 1985

18. ÅRG.

I Guds hand

Eit nytt år, nye tider, ligg framfor oss. Vi undrar alle kva dagane vil bringa når vi skriv eit nytt årstal. Jublende lykke? Sorg som svir?

Ingen veit. Tida framfor oss er ukjend.

Men for Gud er ikkje noko framandt. «I di hand er mine tider», seier ein av salmistane i Bibelen. Han veit kor han skal plassera dei nye dagane i framtida. Da er han trygg same kva som skjer.

Men eg set mi lit til deg, Herre, eg seier: «Du er min Gud.»

I di hand er mine tider.

Lat ditt andlet lysa

over din tenar,

frels meg i din truskap.


Herre, kor mykje godt

du har etla dei som flyr til deg

midt for augo på menneska.

Salme 31, 15.17.20

Klaus Muff talar under kyrkjelydsveka i Indre og Ytre Arna



Sjå nærare program s. 7

KONTINGENT 1985

Med eit nytt år kjem også tida for å betala ny kontingent. Ved dette nummeret ligg ein postgiro inbetalingsblankett til det. Sjå meir om dette på side 3.

GODT NYTT ÅR


Arbeidarane i vingarden

Matt. 20.1-16

Kva får eg i løn? Kor mykje kan eg tena på å ta den jobben? Dette er vanlege spørsmål når ein søker arbeid, og slik har det vel vore til alle tider.

Til og med læresveinane snakka til Jesus om løn. «Kva så med oss, som har gått ifrå alt og fylgt deg? Kva skal vi få?» spurde Peter. Du og eg spør visst ofte på same måten.

Peter fekk svar. Det svaret gjeld i dag og. Jesus fortalde likninga om arbeidarane i vingarden.



Vi høyrer at husbonden hadde plass til mange arbeidarar. Han var stadig ute for å få fleire med. Lønsavtalen var ein denar for dagen. Dette var ei vanleg dagløn på den tida, og husbonden lova at alle skulle få det som var rett. Arbeidarane skulle få det dei trong for å leva.

Guds løn er at eg får høyra til i Hans rike og eige trua på Jesus som min Frelsar. Kvar dag får eg ny nåde og kan leva som Guds barn. Det er ikkje arbeidstida eller innsatsen som tel i Guds rike. Ingen av oss har fortent løn av Gud, men Han er god og gjev oss alt av nåde.

Endå står det mange ledige på torget. Herren vil at vi skal be dei inn i Guds rike. Vårt vingardsarbeid er å vinna andre for Jesus. Vi skal så Guds ord, gå Hans ærend, ikkje for å få løn, men fordi vi alt har løna.

Eit nytt år med nye arbeidsdagar ligg framfor oss. Herren har arbeid til alle. Ingen treng gå arbeidslause i Guds rike. Men vi får ulike oppgaver. I ein vingard må arbeidarane planta, vatna, rydda, luka og hausta. Alle jobbane er ikkje like spennande, men alt er like avgjerande for resultatet. Kanskje vi skulle hugsa dette i det nye året og bli flinkare til å oppmuntra kvarandre og arbeida saman. Då kan hausten bli stor.

*Gjør det lille du kan,
legg ditt hjerte deri.*

La for Herren det kun være gjort!

*Vær så viss på at han
skal ei dømme som vi,
blir det spørsmål om smått eller stort.*

*Se han selv gjør jo alt,
hva betyr det vel så*

om du finnes i rad med de små?

A.F.

Vingardssøndagen 27. januar.

Misjonsfest i Arna Bedehus 20. januar kl. 17.00

Av programmet nevner vi:

Tale av NMS kretssekr. P. Kjetså.
Helsing v/Bjerg Mæstad, song og musikk.

Mat, kaffi, brus. Misjonsoffer.

Årsfest Ytre Arna Kyrkjelyd

Årsfesten for kyrkjelyden vert søndag 10. februar kl. 17.00 i Kyrkjelyds-huset. Der vil ein få årsmelding og rekneskapsoversyn frå soknerådet. Kyrkjeringen vil ha trekning i utlodninga til inntekt for Kyrkjelyds-huset. Ellers vil vi ha fleire programinnslag og vonar å få ein hyggeleg ettermiddag saman.

Alle er velkomne.

Kyrkjene i Haus Hovudsokn

Nyleg er det kome ut ei bok om kyrkjene i Haus hovudsokn frå 1300 til i dag. Det har i alt stått 5 kyrkjer i Haus når den som står der i dag er rekna med, og boka gjev ein fin omtale av dei.

Samstundes gjev boka eit innblikk i kyrkje- og kristenliv i desse hundre-åra. Det er eit godt arbeid Nils-Aksel Mjøs og Olav O. Mjelde har lagt ned i denne boka, og med dei band som har vore mellom Arna og Haus skulle ein tru at det også vil vera mange i Arna som har interesse av å lesa boka. Det er ei nemnd under Haus sokneråd som er utgjevar, og boka kostar kr. 100 og kan kjøpast på Kyrkjekontoret i Borgstova og i bankane i Arna.

KONTINGENT 1985

Ved dette nummeret har vi lagt ein postgiroblankett der ein kan betala kontingenten for 1985. Den kan også betalast over bankgiro 8440.21.01856.

Kontingenten er frivillig og er sett til kr. 30.- pr. år. Vi vil gjerne nå ut til alle husstandane med bladet 10 gonger i året, og skal vi kunna makta det, treng vi ei god innbetaling av kontingenten. Det er sjølv sagt høve til å betala meir enn kr. 30.- også.

Økonomien for bladet har gjort det mogeleg å utvida det med fleire sider det siste året. Vi har slutta å senda det ut gjennom postverket, og på den måten sparar vi mange tusen i utgifter pr. år.

Det er få som har gjeve melding om at dei ikkje får bladet etter den nye omberingsmåten. Der vi får vita det ikkje fungerer, prøver vi å retta opp dette. Vi vil gjera mykje for at bladet når fram til alle husstandane, så vantar bladet hjå nokon, vil vi gjerne ha melding om det til kyrkjekontora.

KASETT

Bladet vert no og lese inn på kasett for blinde og svaksynte. Vi har hatt litt problem med å koma i kontakt med alle dei som kan ha nytte av dette tilbudet.

Om det no er nokon som ikkje får kasettar men som ynskjer det, vil vi gjerne ha melding om det til eit av kyrkjekontora. Det vil ikkje kosta noko ekstra for dei det gjeld. Dei som ikkje bur i Arna vil framleis få bladet gjennom posten når dei betalar kontingenten.

Gevinstar

Kyrkjeringen i Ytre Arna som arbeidar til inntekt for Kyrkjelyds-huset vil gjerne ha gevinstar til utlodninga 10. februar.

Har du noko å gje, kan du melda frå om det til kyrkjelydskontoret i telefon 24 85 46 eller til nokon av dei som er med i kyrkjeringen.

Enten vi er glade eller sinte...

Mette og Martin laga masker. Dei hadde lært det på skulen. Av litt stiv kartong klipte dei ut eit passande stykke og teikna mange ulike andlet,



glade, sure, undrande og sinte. Det låg ein heil haug på bordet allereie.

- Sjå på denne, da Mette, sa Martin og heldt ei riktig gretten maske opp framfor andletet. - Liknar eg ikkje på den sure mannen i grønsakbutikken?

Merete lo. Ho fann fram ei smilande maske. Det var nett som å sjå frua i nabohuset. Dei leika og lo. Kven likna på maskene?

Da tok far ei av maskene, ei riktig sinna ei. Dette er meg den dagen eg søla kakao på skjorta mi rett før eg skulle på kontoret.

Borna lo.

- Og dette er Martin, sa far og greip ei anna maske, - da han måtte hjelpe til med oppvasken her ein dag. Og denne triste her er Mette da katta vår var borte.

- Det er moro å tenkja på korleis vi menneske ser ut i fjesa våre når vi er både glade og sinte, heldt far fram. - Gud ser og på andleta våre.

- Vil han ikkje vi skal verta sinte? spurde Mette varsamt.

- Eg trur Gud vil vi skal vera ærlege, svarta far. Nokre gongar er vi sinte, andre gongar glade. Men det som er enda viktigare er at vi alltid skal koma til han, enten vi er glade, sinte eller lei oss. Han har lova at han alltid vil høyra på oss. Og han vil og hjelpe oss slik han ser det er best for oss, sa far.

Be til Jesus alltid - når du er glad, når du er lei deg og når du er redd. Jesus bryr seg om deg.

PREMIEKRYSSORD

Vi startar denne gongen med premiekryssord. Du kan løysa kryssordet og senda løysinga til:

Kyrkjelydsbladet for Arna, Peter Jepsensv. 39, 5265 Ytre Arna, og då vil du vera med i loddtrekinga om ein kasett. Hugs at løysinga må vera komen inn innan 30. januar.

1	2	3	4	
		7		8
	10			
11				

LODDRETT:

- Høgtid
- Jentenamn
- Daniel Defoe
- Blome
- Inn (engelsk)
- Tjuveri
- Auk

VASSRETT:

- Ro i kano
- Land
- Ukjend
- Hast!
- Øy
- Gutenamn

FRAM FOR MISJONENS ÅR

Misjonens År — kva er det?

Utgangspunktet er kort fortalt dette: Gud har sagt i Ordet sitt at Han har tiltenkt oss ei framtid. Om dette er den kristne kyrkja kalla til å bere bod — her hjå oss og ut i all verda. Dette er misjon: Guds bergingsaksjon.

Her er rike misjonstradisjonar i Bjørgvin bispedøme. Mykje godt arbeid er på gang i misjonsorganisasjonane med sine foreiningar rundt omkring. Du som står i dette arbeidet frå før, skal få høyre det sagt slik i Misjonens År: Takk for at du er tru på din post, der du er!

Er det likevel slik at det går truande menneske «ledige på torget»? Ein har ikkje heilt fått syn og sans for misjon. Kan hende er det ingen som har spurt heller. — I Misjonens År ser vi fram til skiping av nye foreiningar og tilvekst i dei som alt er der. Fleire — også yngre — skulle sjå ei oppgåve i misjons-samanheng. Dette kan gjerast, jamvel om ein kjenner seg usikker på mangt. Saman på vegen — saman om ei oppgåve! Så ser ein sjølv også klårare enn før, etter kvart som ein får del i forkynning og orientering. Kunnskap om misjon gjev kjærleik til misjon — og framfor alt: Til Misjonens Herre. Og med omsyn til arbeidsformer: Ta gjerne fantasien i bruk! Råd kan også innhentast.

I Misjonens År har ein tenkt seg det slik at misjonstanken skal innarbeidast og såleis få «gjennomsyre» dei ulike arbeidsgreinene i kyrkjelyden, slik som barne-, ungdoms- og konfirmantarbeid, korverksemd, kyrkjelydsskular, kyrkjeringar o.s.v. Samtalegrupper rundt dette tema, det er fint! Misjon i større og mindre «drypp» over heile lina.. og så er snøballen i gang med å rulle. Det vert også høve til å bruke pengar på meningsfylte formål. Ingen av oss skulle vel vere seg sjølv nok? Og i misjonen er det tale om å ta omsorg for heile mennesket: ånd, sjel og lekam.



Vil du vite meir om dette? Snakk med presten, eller ein annan som er med i soknerådet eller kanskje i ei misjonsforeining. Ver forresten ikkje så sikker: Kanskje det er ein som spør deg først!

Misjon — ei oppgåve med mening!

I samarbeid med Den Norske Sattalmisjon, Det Norske Misjonsselskap og Den Norske Israelmisjon som er med i Misjonens År. er det sett opp nokre prosjekt vi kan vera med og arbeida for. Her er eitt av dei.

Misjonens år i Bjørgvin 1984-85

Postgiro: 4 13 44 82
Bankgiro: 8401.21.38252

DET NORSKE MISJONSSKAP

Prosjekt: Nybrottsarbeid i Nord-aust Thailand.

Aksjonsmål: Kr. 600.000.

I 1976 starta NMS opp arbeid i Thailand, nærare bestemt Bangkok. Dette var det fyrste lutherske misjonsarbeid i landet. Litt seinare kom to andre selskap til, og saman skipa dei: Luthersk Misjon i Thailand (LMT). LMT har vedteke å starta nytt arbeid i Ubon

Brev frå Ottar Hope i Bangladesh


Misjon - helsearbeid - fiskeoppdrett

For nokre år sidan reiste Ottar Hope frå Espeland med familie ut som misjonærar for Den Norske Santalmisjon til Bangladesh. Ottar er i dag lege i Helseprosjektet i Sylhet Distrikt. Kona Kirsten tek seg av hus og heim. Dessutan er ho med i kvinnearbeidet i landsbyen. Ho samlar nabokonene til kvinnemøte med syng, kostlære, helselære og andakt. Saman med medarbeidarar har ho hatt 60-70 landsbykoner på «kurs» siste året. Sonen Jostein er blitt 8 år og andreklassing på skulen, Kjetil er 7 år og går i første klasse og Marit Kristine er 5 år og held seg mest heime saman med mor.

I vel 15 år har Den Norske Santalmisjon hatt misjonærar i Sylhet Distrikt i Bangladesh. Arbeidet er ei Presbyteriansk kyrkje som ein engelsk misjon starta for mange år sidan. Men på slutten av 60-åra hadde dei ikkje fleire misjonærar å senda, og difor vart Santalmisjonen spurd om å ta over.

Om arbeidet sitt i Helseprosjektet skriv Ottar Hope:

Etter å ha vore i landet i nokre år og sett den naud som er, har det også kome fram behov for eit helsearbeid. Det vert drive utfrå eit hovedsenter i Brahmanbazar med ein klinikk her, samt landsbyarbeid. Lokalt opptrena helsearbeidarar går frå dør til dør og underviser i helse, gjev råd om ernæring og sjukdom, og anbefalar dei som er sjuke til å gå til klinikken. Særleg ser dei etter underernærte born, og prøver også å driva litt «svangerskapskontroll.» På klinikken har me også eit vaksinasjonsprogram, og for tida 12 helsearbeidarar til opptrening. Me har ikkje noko sjukehus, men av og til er det nokre som lyt få sengeplass. Men me prøver å behandla mest mogeleg i husa heime. I ein by



«Pust dypt inn». På besøk i ein landsby.

ca. 3 mil unna har me ein klinikk særleg for mor- barn. Ut frå Helseprosjektet har me også eit «Sanitation» program, som går ut på å læra folk å byggja seg «avtrede». Som «lønn» for det hjelper me dei med å få brønn. Borer rør nedtil 50-100 meter for å få fatt i vatn.

Ernæringsprogram har me også. Lærer folk å utnytta det dei har av dammar rundt husa sine til dyrking av fisk. Er det ein pytt med vatn her i landet er det også fisk i han. Men meir kan gjerast for å utnytta dette betre, og det prøver me å hjelpe med. På sikt vonar me dette skal gje dei god og næringsrik kost og også litt økonomisk utbytte.

Framhald s. 14

Kyrkjelydsveka i Arna kyrkje

Landsevangelist Klaus Muff kjem til Arna og held møte i Arna kyrkje i tida 12.-17. febr. 1985. Han reiser for Det Norske Misjonsselskap og har heile landet til verke-felt. I veka etterpå vil han tala på møte i Ytre Arna kyrkje.

Møteplan for Indre Arna:

Tysdag 12. febr. kl. 19.30:

Song/musikk: Betania-koret på Espeland.

Onsdag 13. febr. kl. 18.30:

Song/musikk: Arna kyrkjekor.

Torsdag 14. febr. kl. 19.30:

Song/musikk: Arna Ten Sing.

Fredag 15. febr. kl. 19.30:

Song/musikk: Familien Erdal.

Laurdag 16. febr. kl. 19.00:

Song/musikk: Ungdomskoret «Helgaljod».

Søndag 17. febr. kl. 19.00:

Leidulf Almenning. «Helgaljod».

Arna Ungdomsråd skipar til ungdomskveld laurdag, og den legg ein til Arna Bedehus. Dei andre møta vert i kyrkja.

Merk møtetida onsdag 13. febr. TV-serien «Underveis» sender eitt av dei 5 programma kl. 20.05. Ein set difor møtet fram til kl. 18.30, så ein unngår kollisjon.

Vi minner om forbøns-tenesta for møta. Be for talaren og dei andre som tek del, og om at tilhøyrarane får tid og trong til å komme.

Det er godt å samlast om Guds ord. Vi treng det alle, same kven vi så er.

Du er velkomen til møta!

Framhald frå s. 5 MISJONENS ÅR...

MØTE:

Betania, Lone:

15-20/1: Finnmarksveke. Talarar Anaton Strand og Nils Håkon Urangseter.

29/1-10/2: Betania Ungdomsforening har ungdomsveke. Talar Oddhild Grønningsæter.

Arna bedehus:

20/1: Misjonsfest.

24/1: Eldresamvær kl. 17.00.

27/1: Kyrkjelydstreff.

29/1-3/2: Møteveke v/Indremisjonen. Talar Alfred Helland.

7/2: Årsmøte i Indremisjonen kl. 19.00.

9/2: Ungdomskveld.

10/2: Søndagsmøte kl. 19.00.

Ytre Arna bedehus:

17., 19. og 20/1: Møter v/NLM. Talar Knut Kvamme.

provinsen som ligg nordaust i Thailand. Det bur 1.6 mill. menneske i denne provinsen, og ca. 0,6% er kristne. Til samanlikning kan det nemnast at det fins 1.300 buddist tempel i same området.

Pga. sosial naud skal eit hjelpearbeid drivast parallelt med evangeliseringstenesta. Av sosialt arbeid er det trong for undervisning, forebyggjande helsearbeid, jordbruksprosjekt og brønnboring.

Aktuelle metoder i evangeliserings-tenesta er slike som samtale, undervisning, bøker kassetar, radioprogram osv.

Behovet for Kristus er stort. Prosjektet gjennom Misjonens År er øyremerka til den evangeliserande delen av misjonstenesta i Thailand.

Familieside

DØYPTE:

Arna sokn:

- 25/11: Thomas Ødegård, Linda Kristin Sæle, Monica Solheim.
 02/12: Marthe Minde, Tine Myhre Romslo, Eivind Berland, Dan Henrik Fønnes.
 26/12: Bjørn Rune Romslo, døypt i Trengereid kapell.
 30/12: Jannike Hals.

VIGDE:

Arna sokn:

- 01/12: Fredrik Kristian Lindegaard og Bodil Irene Svangtun.
 29/12: Harald Mjelde og Tone Merete Lindkvist.
 29/12: Eivind Eide og Kjersti Guri Söderberg.
 31/12: Arild Steen og Anne-Lene Viken.

Ytre Arna sokn:

- 29/12: Frank Angel Skoglund og Anne Margrete Kvam.

DØDE:

Arna sokn:

- 26/11: Anna Minde, f. 1900.
 22/12: Anna Tunestveit, f. 1918.
 22/12: Ingeborg Johannessen, f. 1901.
 27/12: Einar Martin Borge, f. 1902.
 28/12: Harald Thunestvedt, f. 1914.
 29/12: Birgit Eliassen, f. 1900.
 29/12: Alf Hals, f. 1904.
 2/ 1: Olai Helland, f. 1908.

Ytre Arna sokn:

- 26/11: Hilmar Fotland, f. 1922.
 5/12: Ragnvald Røisæth, f. 1923.
 1/ 1: Ole Johan Faugstad, f. 1927.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA SOKN:

- | | | |
|------------------------|----------------------------------|--------------|
| 18.11: | Kyrkjelydshuset | kr. 1.827,- |
| 25.11: | Kyrkjelydsarb. | kr. 1.297,- |
| 02.12: | Takvam kapell | kr. 2.062,- |
| 02.12: | Lysmesse, NKUF | kr. 1.109,- |
| 09.12: | Dei fire diakonist. | kr. 1.602,- |
| 16.12: | Kyrkjeleg døyvearb. i Norge | kr. 841,- |
| 22.12: | Kyrkjelydshuset | kr. 950,- |
| 24.12: | Kirkens Nødhj. | kr. 12.746,- |
| 25.12: | Det Norske Misjonsselsk. | kr. 4.375,- |
| 26.12: | Kristent arbeid blant blinde | kr. 812,- |
| 30.12: | Det norske totalavh.selskap | kr. 1.236,- |
| 31.12: | Ungdomsarbeidet i Arna kyrkjelyd | kr. 1.023,- |
| 01.01: | Bedriftsmisjonen | kr. 1.313,- |
| YTRE ARNA SOKN: | | |
| 18.11: | Kyrkjelydsarb. | kr. 623,- |
| 25/11: | Hjemmenes dåpsring | kr. 1.188,- |

- | | | |
|--------|----------------------------------|-------------|
| 02.12: | Tørkeramma i Afrika | kr. 1.950,- |
| 09.12: | IKO | kr. 586,- |
| 16.12: | NKUF | kr. 500,- |
| 16.12: | Julekonsert, tørkeramma i Afrika | kr. 2.081,- |
| 24.12: | Kirkens Nødhj. | kr. 4.570,- |
| 25.12: | NMS | kr. 1.007,- |

Mange til gudsteneste i julehelga

Også dette året var det mange i kyrkjene i julehelga. I Arna prestegjeld var det 6 gudstenester julekvelden, og på alle desse gudstenestene var kyrkjene så og seia fullsette, ja meir enn det også på nokre. I Arna kyrkje var det 3 gudstenester, Ytre Arna 2 og på Trengereid 1. Med det skulle det vera vel 1800 til stades denne eine dagen i kyrkjene. Og det er nok familiegudstenesta julekvelden som utan samanlikning samlar flest, sjølv om det var bra med folk i kyrkjene dei andre juledagane også.

Presten har ordet



«Underveis» — årets sjanse

1. Fjernsynsprogrammet «Underveis» vil truleg verte årets sjanse for mange til å få nærare kjennskap til kristen tru. Programmet er eit samarbeid mellom Norsk kristelig studieråd, Kirkerådet og NRK.

Programmet vender seg i første rekke til personer som står noko fjernt, men som likevel er positiv til kyrkje og kristendom. Vi veit at det er mange slike også i våre kyrkjelydar. Vi møter dykk ved ulike høve, i dåpssamtale, i konfirmasjonstida, i samband med dødsfall og i andre samanhengar og vi merkar at det rører seg mykje i dykk, som vi ofte ikkje får høve til å hjelpe dykk med slik vi gjerne ville.

Fjernsynsprogrammet «Underveis» kan vere med å hjelpe dykk vidare og gjere kristen tru levande for dykk. Det vil naturlegvis ikkje svare på alle spørsmål, men det er laga for at du skal få hjelp til ei meir avklara kristen tru.

2. Dessutan er programmet årets sjanse for deg som vil hjelpe nokon til å sjå kva kristen tru er. Ein del har registrert at det har vore debatt om sider ved programmet. Nokre av våre kristne organisasjonar har gått heller sterkt ut mot ei av ressursbøkene som vert nytta i programmet. Det er difor gledelig at når programmet er klart for sending at alle våre kristne organisasjonar sluttar opp om tiltaket. Vi les t.d. at «Sambåndet» i ein leiarartikkel klart gjev ei tilskunding til at indremisjonsfolket nyttar dette høvet til å nå lenger ut med evangeliet.

Programmet kjem ikkje berre til å svare på spørsmål, det vil også reise mange nye spørsmål hjå dei som ser det. Dette er ei utfordring til oss som vedkjenner oss kristen tru. Difor er fjernsynsprogrammet «Underveis» årets sjanse både for den som er på leiting og for den som har funne fram til kristen tru.

Fyndord om tiden Det viktigaste

Katedralen i Milano har tre innganger. Over den ene sidedøren står

inskripsjonen: «Alt som behager er kun for et øyeblikk.» Over den andre sideinngangen står: «Alt som plager er kun for et øyeblikk.» Men over hovedinngangen står det skrevet: «Det eneste viktige er evig.»

Statistikk

Det vert ført statistikk i kvart prestegjeld over ulike ting. Frå statistikken for 1984 tek vi med:

	Arna	Ytre Arna
Døypte	102 (92)	28 (28)
Konfirmerte	179 (185)	51 (47)
Vigde i kyrkja	36 (18)	5 (3)
Jordfesta	44 (44)	26 (29)
Utmelde or kyrkja	12 (8)	7 (7)
Innkome ved offer/kollekt	159655 (128.453)	53.439 (39.379)

Talet for 1983 står i parantes. Av dei som har meldt seg ut av kyrkja har 4 i Arna og 5 i Ytre Arna meldt seg inn i eit anna kyrkjesamfunn. I Trengereid kapell kom det inn kr. 8475 i offer dette året, medan talet for 1983 var kr. 5641.

BIBELDAGEN 3. FEBRUAR

Madagaskar og Mosambique prosjektland

Madagaskar og Mosambique er valt til prosjektland for Bibeldagen 3. februar. Denne dagen har etter kvart vorte ein god tradisjon som samlar alle norske kyrkjesamfunn om arbeidet med å spreia Bibelen i andre nasjonar.


Dei to landa for Bibeldagsprosjektet i år er svært ulike sjølv om dei ligg nær kvarandre på verdskartet.

Madagaskar har i år 150 års jubileum for den første gassiske bibelomsetjinga. Dette vil verta feira som ei nasjonal hending av styresmaktene, fordi Bibelen gav gassarane eit skriftspråk og dermed grunnlaget for ein eigen gassisk kultur.

Bibelselskapet på Madagaskar planlegg å dela ut 1,2 millionar biblar og bibeldelar. Det er for å finansiera denne store kampanjen at dei treng hjelp frå norske kristne. Ein bibelkonkurranse for ungdom vert og arrangert, og dei tre vinnarane er inviterte til Norge i 1986, fortel Geir Gundersen i Det Norske Bibelselskapet.

I Mosambique er forholda heilt annleis. Den politiske situasjonen har skapa problem og ressursmangel på alle felt. Bibelbutikken i hovudstaden har hittil vore det viktigaste leddet i distribusjonen, ein butikk som og vert mykje gjesta av russarar og aust-europearar. Ut over landet har det vore vanskeleg å spreia Bibelen, men planane er nå klare for utdeling gjennom dei lokale kyrkjene. I Mosambique er det 15 språk og dialektar. For tida vert Bibelen omsett til 10 av dei.

To ulike land. To heilt ulike folk og situasjonar. Men trongen for Guds ord er den same, og gjennom Bibeldagen 3. februar kan norske kristne vera med å fremja dette bibelarbeidet.



Les i Bibelen kvar dag

«Eg ville så gjerne lesa Bibelen, men det er så vanskeleg.» Slik seier mange når samtalen kjem inn på dagleg bibellesing. Kyrkjelydsbladet ønskjer å gje deg nokre få råd om korleis du kan lesa i Bibelen, for det er nemleg Guds ord vi lever av.

- Set deg ikkje for høge mål når du skal starta med dagleg bibellesing. Små drypp er betre enn ein skildekrafttak og lange pausar. Ein bibel leseplan kan vera til ei stor hjelp for å koma inn i dagleg rytme.


- Ein god regel er å byrja med dei klare orda og la desse kasta ljøs over det vanskelegare. Eit av evangelia i Det nye testamentet, t.d. Lukasevangeliet, kan verta eit godt førstesteg inn i bibelverda. Det er og ein nær samanheng mellom å høyra Guds ord forkynt og å lesa i Bibelen dagleg. Eit godt råd er derfor å lesa om att dei skriftorda du har høyrte i forkyninga.

- Mange likar å lesa Bibelen på ein særskild stad og til ei fastlagt tid. Det er og fint å ha ein kristen ven å lesa saman med.

- Du vil alltid finna ord i Bibelen som er vanskelege å skjønna, men prøv å lesa alt i ljøs av egangeliet om Jesus og alt han har gjort for oss. Da vil du kan hende sjå, som mange før deg, at det ikkje er dei teologisk vanskelege orda som er mest brysame, men dei som peikar på synda di. Det er likevel nett dit Gud vil ha deg, for då kan du og så mykje lettare ta imot med to tome hender frelsa som Han vil gje deg i Jesus Kristus.

underveis

- programserie om kristen tru



Det er berre eit par veker att til programserien startar 30. januar. Dette er eit einestående tilbod til oss alle! Merk deg følgjande:

* TV-program 5 onsdagskveldar

kl. 20.05 – 20.40:

30. jan., 13. og 27. febr., 13. og 27. mars.

* Studiemateriell til samtalegrupper (og til sjølvstudium):

- Studiehefte for vaksne.
- Rettleiing for gruppeleiarar
- «Ung underveis» - ei studieavis for ungdom
- Leiarrettleiing til «Ung underveis»

Kyrkjekontora hjelper til med å skaffa materiell, og gjev nærare opplysningar om støtteordningar m.m.

* Arna kyrkjelydsskule inviterer til samtalekveldar i samband med TV-programma dei nemnde onsdagskveldane. Dette er eit alternativ til grupper i private heimar.

Stader: Kyrkjelydshuset i Ytre Arna og Arna gymnas.

Tid: Kl. 19.45 - 21.45.

Vi ser programmet og samtalar i grupper etterpå.


Ta med matpakke: te/kaffi vert servert.

Materiell/Studiehefte kostar ca. 50 kr.

Påmelding snarast til ytre Arna kyrkjekontor, tlf. 24 85 46 eller til Arna kyrkjekontor, tlf. 24 04 00/ 24 02 15.

Meld frå dersom du treng skyss!

Dei er ikkje
eit hår betre!



«Dei kristne er ikkje eit hår òttere enn andre. Når kristne ikkje lever slik dei lærer, korleis kan eg da tru?»

Dette er ei vanleg skuldning mot kyrkja, og særst alvorleg dersom ho er sann.

Det er nok dessverre kristne som har kristendomen berre i namnet. Livet deira er ein tjukk strek over det munnen deira seier. Dei har ikkje skjønna alvoret i Guds ord om å leva som Kristus-truande.

Samstundes er evangeliet noko heilt anna enn eit plettfritt liv. Mange menneske vågar rett og slett ikkje å verta kristne av di dei trur dei må leva fullkome.

Men å vera ein kristen er ikkje å rosa seg av at eg greier å leva so godt. Nei, ein kristen vedkjenner seg at han har spela fallitt. Eg har synda mot Gud! Eg er ikkje eit hår òttere enn nokon annan.

Nokre gongar får ein høyre: «Det er greitt nok for de kristne. De kan berre synda, og så ber de om tilgjeving og kan halde fram nett som før.»

Dette er ei misforståing. Gud er ingen tilgjevingsautomat. Den som lever i synd utan vilje til motkamp, han «syndar på nåden» som nokre seier. Han bryr seg eigentleg ikkje om Gud og er på veg ut av kristentrua.

Men for alle som ikkje får livet til åleine, for alle som kjenner på at dei ikkje er eit hår òttere enn andre, gjeld det Gud seier i ordet sitt:

Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera, eg vil gje dykk kvila. Matt. 28,11.

Alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born. Johs. 1,12.

«MI KYRKJEBOK»

til 4-åringar
i Arna kyrkjelyd

Arna kyrkjelyd prøver no å få kontakt med dei borna som vart døypte i 1981.

Vi sender ut eit brev med invitasjon til familiegudstenesta søndag 27. januar.


Her vil 4-åringane få kvar si bok som heiter «Mi kyrkjebok». Det er Institutt for Kristen Oppseding (IKO) som gjev ut boka, og den er no i bruk i svært mange kyrkjelydar rundt om i landet. Boka er sjølvstøtt å få både på bokmål og nynorsk.

«Mi kyrkjebok» er meint som ei hjelp i den kristne oppsedinga i heimen. Den inneheld forteljingar, songar og teikningar, og høver for born i 4-6 årsalderen.

Boka inneheld også ei liste over forteljings- og biletbøker for born, og over plater/kassettar med barnesongar. Ei slik liste kan ein også få på kyrkjekontoret, eller ved å venda seg direkte til IKO's Læremidler A/S, Postboks 6781, St. Olavsplass, Oslo 1. Tlf. (02) 20 86 15. Elles vil eg nemna at dei kristne bok- og musikkhandlarane har eit godt utval i både barnebøker, plater og kassettar.

Så til dei 4-åringane som har flytta til Arna, og som vi difor ikkje når med brev: Dei skal sjølvstøtt også få «Mi kyrkjebok»! De er alle hjarteleg velkomne til **Arna Kyrkje søndag 27. januar kl. 11.00**. Etter gudstenesta vert det ei kort samling, «kyrkjekaffi/soft». Her inviterer vi spesielt 4-åringane og familiane deira.

Målfrid Sandvik



Lille Kedir i Etiopia er en av de mange som Kirkens Nødhjelp har fått lov til å rekke en hjelpende hånd det siste året. På matstasjonen i Kambata fikk han det første skikkelige måltidet på flere uker.

Det er slike som Kedir vi har i tankene når vi inviterer deg med i giverfellesskapet «Ved samme bord». Det er mat nok til alle her på jorda, bare vi klarte å fordele den litt annerledes. Nesten 30.000 nordmenn har funnet ut at de har noe å dele

med slike som Kedir. De har satt seg «Ved samme bord» som verdens nødlidende — for å dele.

Vi ønsker deg også velkommen til bords. Du kan selv velge hvor mye du vil gi i månedlige bidrag. Fra oss vil du hver måned få «Ved samme bord»-bladet hvor du får møte noen av dem Kirkens Nødhjelp har nådd fram til.

Med din hjelp kan vi nå enda flere.

Ja, jeg vil bli med i giverfellesskapet «Ved samme bord».

Navn:

Adresse:

Jeg vil betale med: bankgiro postgiro fast trekk fra lønnskonto

Det medfører ingen forpliktelser å bli med «Ved samme bord», men av hensyn til budsjettet vil vi gjerne at du antyder hvor mye du regner med å gi pr. måned: kroner.
Send kupongen til Kirkens Nødhjelp, Postboks 5868 Hegdehaugen, 0308 Oslo 3.

Framhald frå s. 6 MISJON...

Men utanom dette driv misjonen også eit omfattande menighetsbyggjande arbeid. Stort sett er det i Tehagane mellom hindubefolkning. Det er ulike folkestammar som er komne frå India for å arbeida i Tehagen.

Det vert arbeidd med leiartrening for å læra opp leiingar i menighetane, og Bibelkorrespondanseskule. Dette er litteraturspreiing med tilbod om bibelkurs, og dei fleste som tek del i dette er ikkje-kristne. Dei sender inn brev med svar og får retta dette. På denne måten får dei kjennskap til Evangeliet. Nokre har kome til tru gjennom det, men me ventar at det som har blitt sådd skal bera meir frukt.

For å hjelpa dei kristne borna til utdanning, er det internat i 3 byar der dei kan bu medan dei går på skule. Ellers hjelper misjonen til med mindre skular som kyrkjelydane driv rundt i landsbyane. Er det 10 born på ein plass, kan dei gå på skulen heime i landsbyen.

Misjonen driv også kvinnearbeid både med lokale samlingar i kyrkjelydane og kvinneleirar/samlingar sentralt. Det er også starta opp arbeid med å organisera søndagsskular og leggja opp «pensum» for dei.

Og Ottar Hope sitt framtidssynskje er:

At det må verta vekkjing i kyrkja her. At dei som har kristennamn må få del i livet også. At kyrkja må få gode leiingar.



Ei lita frøken i sari – Marit Kristine Hope.

At nye menigheter må veksa fram, og dei som vert kristne må verta styrkte i trua, og veksa i nåde og kjennskap. At dei som får hjelp gjennom Helseprosjektet også må få hjelp til å byrja tru på Frelseren, Jesus Kristus.

Tid nok

Eit menneske som vert 70 år, har fått 25.550 dagar, 613.200 timar, 36.792.000 minuttar eller 2.207.520.000 sekundar å leva. Kva fyller du tida di med?

Mat til Afrika

Innsamlingsaksjonen har gjeve godt resultat og oppfinnsomheten har vore stor for å få inn pengar. Dei eldre på «Eldretreffet på Flatane» hadde på julemøtet med seg «julegaver» som vart lodda ut – og det gav som resultat kr. 1.000 til aksjonen.

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm.Fossgrt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

**ESPELAND
GARTNERI**
Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866
SPAREBANKEN
VEST
AVDELING ARNA
— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S
Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

VESTLANDSBANKEN
Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.
VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørjes
oppsett.



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**


**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår
bensinstasjon!*

Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje



- 20/1 Arna kl. 11.00. Res. kap. Odland. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste.
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 27/1 Arna kl. 11. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Takkoffer til Israelsmisjonen.
Ytre Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø.
Tren gereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø.
- 3/2 Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Bibelselskapet. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Bibelselskapet.
- 10/2 Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Ungdomsforbundet.
Takvam kl. 11.00. Døveprest Straume. Familiegudsteneste. Takkoffer til det kyrkjelege døvearbeidet.
- 17/2 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy og landsevangelist Klaus Muff. Nattverd. Takkoffer til «Misjonens år». Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. BORNA SIN MISJONSDAG. Takkoffer til Misjonssambandet. Kyrkjekaffi.
- 24/2 Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til «Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd».
Tren gereid kl. 11.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Utdeling av «Mi kyrkjebok».

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 30,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv.39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 2: 1. februar.